



Det pyntar opp med fin steinmur!

**Siste par vekene har det vorte laga ein fin steinmur på oversida av hovudvegen opp mot Ospelunden. Oddbjørn Kroka i Ospelunden fortel at det er Gunnar Røsseland Entreprenørforretning AS som har utført oppdraget som er ein del av ferdigstillinga av vegnettet i Ospelunden.**

Muren er bygd på nedsida av vegen bort mot ein bustadene i feltet. Dette har ført til at vegen er blitt betydeleg breiare på denne strekningen. Det gjer og at oversikten er god. Kroka fortel at autovern for lengst er bestilt, og det kan koma kva dag som helst.

- Det er lova ved første anledning den aktuelle entreprenøren er på strekningen, seier utbyggjaren.

Elles kan Kroka melde om gledeleg stor aktivitet dei siste vekene. Om få dagar startar reisinga av neste tomanns-bustad. Der er 1 av leilighetene alt selt. Det er to svært seriøse interessentar til å kjøpa tomter, men førebels er det ikkje underteikna nokon kontrakt. I tillegg er det ein del andre som forhøyrer seg, og som er meir i startfasen.

- Det har kort sagt vore mykje kjekk aktivitet rundt Ospelunden i det siste, avsluttar Oddbjørn Kroka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.